

# **Emnerapport 2013 haust**

## **NOSP102-F Nordisk: Moderne språk (Fjernord)**

*Rapporten vil bli handsama av Programstyret for nordisk i februar 2014.*

Emneansvarleg: professor Torodd Kinn

Førelesingar og oppfølging på Mi side: Torodd Kinn

Arbeid med obligatoriske oppgåver: universitetslektor Per Sigmund S. Bøe og førsteamanuensis Ivar Utne

Sensur: professor Gunnstein Akselberg (intern) og førsteamanuensis Ingvil Brügger Budal (NLA Høgskolen).

### **Vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** To helgesamlingar med førelesingar laurdag 9–19 og søndag 9–15 (med pausar). Semesterplanar og vekeplanar på Mi side. Ekstra arbeidsoppgåver i nyopprettet Nordisk ressursbank. Éi obligatorisk oppgåve på nynorsk med faglege og språklege krav. Faglæraren er nokså godt fornøgd med det meste av undervisningsopplegget.

Helgesamlingane er intense og lange, men studentane følgde jamt over godt med. Tidlegare har det vore berre éi samling, og det var mykje meir tilfredsstillande med den eksta tida som to samlingar gav.

Innimellan andre plikter fann læraren enkelte veker for lite tid til å arbeide med oppbygginga av ressursbanken.

Den mest problematiske delen av opplegget er den obligatoriske oppgåva. Hovudføremålet er å få studentane til å skrive noko på nynorsk og gi dei tilbakemelding på ferdigheitene der. Faglæraren stiller seg tvilande til om læringseffekten er stor, og om ressursbruken er fornuftig. Noko liknande gjeld andre NOSP100-emne (men med tillegg av undervisning på nærstudia), og fagmiljøet bør drøfte om nynorskoplæringa kan organiserast på andre og betre måtar.

**Strykprosent og fråfall:** 79 studentar tok imot plass. 49 leverte obligatorisk oppgåve (7. oktober). Ca. 25 deltok på kvar helgesamling. 35 tok eksamen (28. november), 1 strauk (jf. nedanfor).

Det er altså eit svært stort fråfall. Berre om lag halvdelen av dei aktive studentane (som leverte obligatorisk oppgåve) deltok på samlingar. 14 fall frå etter obligatorisk oppgåve. Størstedelen av fråfallet tidleg i semesteret kjem nok av at studentane får for lite tid til å arbeide med studiet, eller at dei synest det er for vanskeleg. (NB: Nesten alle studentane er tekne opp utan prøving av kompetanse, sidan dei er over 25 år.) Det er vanskelegare å forstå

det store fråfallet seint i semesteret, men evalueringane kan tyde på at grunnane ligg i svak eigeninnsats heller enn i misnøye med studiet.

**Karakterfordeling:** I skrivande stund manglar det sensur på éin kandidat. Stryk: 1 av 34, dvs. 3 %. For dei 34 som har fått karakter, er fordelinga slik: 4 A (12 % av dei som stod), 4 B (12 %), 9 C (27 %), 11 D (33 %), 6 E (18 %). Snitt: C (mellom C og D).

Strykprosenten er bra låg. Elles er snittet svakt, men det at såpass mange klarte A, tyder på at det ikkje var noko vesentleg i vegen med eksamenen.

**Studieinformasjon:** Ingenting spesielt å melde.

**Tilgang til relevant litteratur:** Ingenting spesielt å melde.

## **Faglærars vurdering av rammevilkåra**

**Lokaler og undervisningsutstyr:** Ingenting å seie på lokala.

På den eine samlinga skulle faglæraren bruke lydanlegget, men det fungerte ikkje, og det fanst ikkje assistanse eller noka form for brukarrettleiing.

**Andre forhold:** Fleire av studentane peikar på noko vi veit godt: Mi side er ikkje spesielt brukarvennleg. Nytt av dette semesteret er at vi har begynt å byggje opp Nordisk ressursbank, og sidan den må ligge permanent, måtte vi legge han under ei gruppe. Det førte til at fleire studentar hadde vanskar med å finne fram, trass i detaljert rettleiing i melding på Mi side.

## **Faglærars kommentar til studentevalueringa**

Vurderingane er innarbeidde ovanfor. Ein kan legge merke til at nokre studentar meiner det bør bli tillate med ordliste på eksamen.

Spørjeskjema på Mi side. Det kom inn 23 svar.

- #1 Bor du i Bergen (Bergens-området) slik at du kan delta på helgesamlinger og likevel sove hjemme, eller bor du et annet sted?  
*I Bergen (Bergens-området): 8  
Annet sted: 15*
- #2 Deltok du på helgesamlingene?  
*Ja, begge: 13  
Bare den ene: 5  
Nei: 5*
- #3 Hvis du ikke deltok på helgesamlingene (eller bare på den ene), hvorfor ikke?  
*10 svar. Ingen grunnar dominerer klart. Tre nemner finansielle grunnar, tre nemner reiseavstand, to nemner hindringar pga. arbeid og familie, to nemner tidsmangel heilt generelt, to føretrekker eiga lesing framfor førelesingar, éin nemner sjukdom, éin synest den første samlinga var for lang (i kombinasjon med finansielle omsyn).*
- #4 Hvis du deltok på helgesamlingene (eller én av dem), hvor godt faglig utbytte synes du at du hadde av dem (den)?  
*16 svar. Formuleringer som «svært/veldig godt/bra» er brukte i 12 av svara (eitt svar: «Disse samlingene er rett og slett uvurderlige», mens tre svar har «godt/bra». Éin skriv: «Jeg var vel ikke ajour med det som skulle leses i forkant av helgesamlingene, så utbyttet ble kanskje litt mindre for min del.» To nemner at det blei for mykje / for langt, den eine (busett i Bergen) ville heller ha hatt meir*

*spreidd kveldsundervisning. Fleire rosar førelesaren/førelesingane/opplegget. Éin ville gjerne ha hatt avbrot i førelesingane med oppgåver og diskusjonar.*

- #5 Hvis du deltok på helgesamlingene, i hvilken grad er du tilfreds med den praktiske organiseringen av dem?

*Svært godt fornøyd: 10*

*Nokså godt fornøyd: 8*

*Middels fornøyd: 1*

- #6 Hvor mange helgesamlinger synes du vi bør ha per semester?

*Én: 4*

*To: 15*

*Tre: 2*

*Flere enn tre: 2*

- #7 I hvilken grad har du lest og arbeidet med pensumet i den farten som er anbefalt i arbeidsplanene (meldingene) på Mi side?

*23 svar. Svært blanda. Nokre få seier dei har følgt planen, nokre seier det har prøvd, men ikkje heilt fått det til (pga. jobb, familie, ...), nokre har lese, men arbeidd lite med oppgåver. Nokre har ikkje brydd seg om planane.*

- #8 Hvis du ikke har fulgt arbeidsplanene, hvorfor ikke?

*19 svar. Dei fleste oppgir manglande tid som grunn (generelt, jobb, familie og barn). Tre gir uttrykk for å vilje bestemme opplegget sjølv (éin av dei: «Fordi dette ikke er VGS»). Éin mangla motivasjon. Éin fekk bøkene svært seint frå Studia.*

- #9 Hvor mye har du arbeidet med oppgaver fra Nordisk ressursbank, og hvor godt faglig utbytte synes du at du har hatt av det?

*23 svar. Dei fordeler seg om tre grove kategoriar: «ikkje», «lite/litt», «ein del/mykje».*

*Fleire seier dei vil bruke / brukte ressursbanken mest rett før eksamenen. Éin vil ha fleire syntaksoppgåver. Nokså få svarar på spørsmålet om utbyte, men alle som gjer det, er positive.*

- #10 I hvilken grad er du tilfreds med din egen arbeidsinnsats så langt dette semesteret?

*Nokså godt fornøyd: 9*

*Middels fornøyd: 11*

*Nokså lite fornøyd: 3*

- #11 Hva opplever du at du har fått godt til, og hva har du ikke klart så godt?

*23 svar. Svara dreiar seg dels om ulike delar av fagstoffet, dels om personleg arbeidsstil og -situasjon. Lite å generalisere over.*

- #12 Hvilke deler av pensum (så langt) synes du er vanskeligst, og hvilke er enklest?

*23 svar. Som venta viser mange (11) til syntaks som det vanskelegaste («Jeg synes det vanskeligste, men det morsomste, var syntaksen.»), fem nemner dessutan grammatikk generelt. Fem nemner svensk og dansk. Ni nemner språkhistoria som det enklaste. Eller nokså spreidde svar.*

- #13 Samlet sett, i hvilken grad er du fornøyd med studietilbudet dette semesteret?

*Svært godt fornøyd: 11*

*Nokså godt fornøyd: 10*

*Middels fornøyd: 2*

- #14 Hva er du godt tilfreds med på studietilbudet dette semesteret, og hva er du mindre tilfreds med? (text)

*23 svar. Her er det naturleg nok svært mange ulike innspel.*

*På den positive sida: god førelesar / gode førelesingar/helgesamlingar (15), nyttige semester- og/eller vekeplanar (6), godt strukturert studium (4), raske/gode svar på spørsmål (2), nyttig med ressursbanken (2), nyttig med ei (lita) obligatorisk oppgåve (2), generelt god oppfølging, raskt opptak, god informasjon om opplegget frå studierettleiar, bra med to samlingar, bra at vi stiller ein del krav, god tilbakemelding på obligatorisk oppgåve, godt pensum, bra om grammatikk.*

*På den negative sida: svak eigeninnsats (5), sein tilbakemelding på obligatorisk oppgåve (3), vanskeleg/omfattande pensum (3), burde ha vore tilgjengeleg som heiltidsstudium, därleg grammatikkpensum, svak informasjon om krav til forkunnskapar, vanskeleg å finne pensumliste, vanskeleg å ordne med lokal eksamen, sein informasjon om datoane for samlingane, for få samlingar, for lange samlingar, for få obligatoriske oppgåver, for forskingsretta pensum, ikkje så bra om språkreformer, burde ha vore mogleg å kjøpe varm mat på staden ved helgesamlingane.*

- #15 Hvordan fikk du vite om Fjernord?

*Gjennom venner/kjente/kolleger/overordnet: 3*

*Lette på nettsidene til ulike universitet og høyskoler: 6*

*Lette direkte på nettsidene til Universitetet i Bergen: 10*

*Søkte etter utdanninger med Google eller annen søkemotor: 3*

*Annet (spesifiser under siste spørsmål): 1 (spesifisert til studierettleiar ved LLE)*

- #16 I hvilken grad kan du tenke deg å anbefale studiet til venner og kjente som tenker på å ta utdanning i nordisk?

*I høy grad: 13*

*I nokså høy grad: 9*

*I nokså liten grad: 1*

- #17 Planlegger du å fortsette studiet neste semester, med Språkhistorie og talemål?

*Ja: 19*

*Tror det: 3*

*Tror ikke det: 1*

- #18 Har du forslag til ting som bør endres ved studiet?

*23 svar. Åtte har ingen endringsforslag. Ingen framlegg går att hos fleire. Forslag: raskare tilbakemelding på obligatorisk oppgåve, mindre omfattande eksamen, heimeeksamen istf. skuleeksamen, betre netsider, tidlegare tilgang til pensumlister, organiserte kollokviegrupper, obligatorisk chatdeltaking, éin times lunsjpause på søndag liksom laurdag, betre informasjon om krav til forkunnskapar, moglegheit for fulltidsstudium (30 stp per semester), tre samlingar istf. to, éi samling istf. to, undervisning om kvelden istf. samlingar, betre grammatikkpensum, fleire syntaksoppgåver, gruppearbeid på samlingane, ikkje fast målform utan hjelpemiddel på eksamen.*

- #19 Har du andre moment du har lyst til å komme med?

*23 svar. 13 avstår frå å seie meir. Fire rosar ulike delar av undervisninga. To ønskjer ordliste som hjelpemiddel på eksamen. Elles enkeltståande innspel: It's learning til erstatning for Mi side. Takk for grundig tilbakemelding på obligatorisk oppgåve. Takk for god studierettleiing. Bra med gratistilbod. Bra med to helgesamlingar. ... «gleder meg til fortsettelsen!»*

## **Faglærars samla vurdering, inkl. forslag til forbetingstiltak:**

Jamt over tilfreds, bortsett frå det store fråfallet som vi berre delvis kjenner grunnane til.

Ein bør halde fram med to samlingar per semester i språkemna på Fjernord. Opplegget med obligatorisk oppgåve bør vurderast på nytt. Ein bør diskutere om ein skal tillate bruk av ordliste på eksamen (helst innanfor rammene av Nasjonalt fagråd). Ressursbanken er nyttig og må byggjast ut.